


05 a

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET


- 5 MAI 1995

Å R S M E L D I N G 1 9 8 8




FISKERIRETTLEIAREN I HARAM, SKODJE, ØRSKOG OG VESTNES

HARAM KOMMUNE



--- : Kommunegrense



ke 3038 / b 1644

F O R O R D

I fylgje lov om rettleiingstenesten i fiskerinæringa, og § 10 i instruks for fiskerirettleiare, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendelig bilde av utviklinga innan distriktets fiskerinæring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiar, og venteleg også for kommunepolitikere i sitt arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidd av underskrivne fiskerirettleiar, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets opplegg for "standardisering av årsmeldingar for fiskerirettleiare".

Brattvåg, juli 1989

Olav J. Flaa

I N N H A L D S L I S T E

Side

1.	RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON	
	1.1. Fiskerikontoret	1
	1.2. Personalet	1
	1.3. Korrespondanse	1
	1.4. Rettleiing og informasjon	2
	1.5. Møteverksemd/viktige prosjekter	2
	1.6. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteér	3
	1.7. Fiskerinemnder	4
	1.8. Møteverksemd i fiskerinemndene	5
2.	SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA	
	2.1. Sysselsetting i fisket	7
	2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet	12
	2.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa	13
3.	FISKEFLÅTEN	
	3.1. Merkerregisteret	15
	3.2. Konesjonsbildet for kommunane	20
	3.3. Likviditetssituasjonen i fiskeflåten	21
4.	FOREDLINGSLEDDET	
	4.1. Fiskebedriftene	22
	4.2. Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling	23
5.	FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR	
	5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	25
	5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjell- dyrking	27
6.	LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER	
	6.1. Statens Fiskarbank	28
	6.2. Andre låne- og finansieringskjelder	29
7.	FISKERINÆRINGA - KONKLUSJON/SAMANDRAG	30
	VEDLEGG	
	1. Kartspesifikasjonar	

1. RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON

1.1. Fiskerikontoret.

Haram er kontorkommunen til fiskerirettleiaren. Fiskerikontoret har sitt lokale i andre høgda i Sunnmørsbankens bygg i Brattvåg. Lokalet tilfredsstillar ikkje dagens krav til kontorstandard. Med eit netto areal på berre 20 kvm., er det også lite og uhensiktsmessig som arbeidsplass. Dette fordi ein må ta i betraktning det relativt store rettleiardistriktet som skal betjenes herfrå, og dessutan at kontorromet fungerer som møtelokale for fiskerinemnda i Haram.

Inventaret som tildømes skrivebord og skap m/hylleseksjonar er tidlegare brukte ting som allereie var i dårleg tilstand då det vart innkjøpt hit. Når det gjeld arkivskapet så vart det innkjøpt nytt i 1986 og er såleis av god standard.

Kontorteknisk utstyr er nytt og av god standard, og det forefinnes på kontoret i naudsynt omfang. Kontoret vart utstyrt med PC i 198

1.2. Personalet.

Fast bemanning er kun fiskerirettleiar då kontoret er såkalla "einmanns" betjent. Underbemanninga på kontoret har ført til ein stressande arbeidssituasjon med tildømes stort arbeidspress og eit urimeleg høgt antal overtidstimar, utan høveleg form for kompensasjon, i dei 3-åra fiskerirettleiaren har vore tilsett i stillinga.

Retningsgivande for kontoret's verksemd er instruks for fiskerirettleiare, fastsatt i medhold av lov nr. 42 av 11. juni 1982 om rettleiingstjenesta i fiskerinæringa.

1.3. Korrespondanse.

Av brevjournalen for inn- og utgåande skriv for fiskerikontoret i

Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes framgår følgjande antalsfordeling dei siste 3 år:

År	1986	%-vis	1987	%-vis	1988	%-vis
Ant. inng. skriv	320	44	330	38	292	39
" utg. skriv	406	56	520	62	455	61
Ant. totalt	726	100	850	100	747	100

I meldingsåret var antal utgåande skriv 455 stk., d.v.s. 61% av den totale mengde inn- og utgåande skriv.

1.4. Rettleiing og informasjon.

Ein registrerer at det stadig er behov for veiledning og informasjon til næringa sine utøvere.

1.5. Møteverksemd/viktige prosjekter.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt ein betydeleg del møteverksemd, både i og utanfor tenestedistriktet. Ein kan her eksempelvis nemne:

- Deltakelse i årsmøte til Sunnmøre Fiskarlag
- Deltakelse i årsmøte til Romsdal Fiskarlag
- Møte i Grytestranda Fiskarkvinnelag - om helse-teneste- og forsikring for fiskere
- Møte i Søvik/Gamlem Næringslag - foredrag om rettleiingstenesten
- Deltakelse i årsmøte i Romsdal Notfiskarlag
- Kontakt- og informasjonsmøte i Kristiansund
- Kontakt- og informasjonsmøte i Ålesund
- Budsjettmøte i Ålesund
- Møte i Fiskeristyret for M & R i Ålesund
- Møte i Søvik m/prosjekteringsgruppen for veg- og tunnelsamband til Hamnsund
- Konferanse - Garantikassen i Kristiansund

- Konferanse - Fiskerimessen i Bergen
- Fiskerimessen Nor-Fishing '88 i Trondheim
- Distriktpolitisk seminar på Fjørtoft

Av relativt store og viktige prosjekter i distriktet som har engasjert fiskerirettleiaren i meldingsåret, kan ein til dømes nemne:

- LENKA
- Overvåking av algeoppblomstring i sjøen
- Inspeksjon av matfisk- og settefiskanlegg
- Budsjettnemnda for fiskerinæringa - lønsemd-granskingar 1988 for fiskefarty over 13 m l.l.

1.6. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteer.

Merkelovens tilsynsmann.

I henhold til instruks for fiskerirettleiare § 6, skal fiskerirettleiaren inneha stillinga som merkelovens tilsynsmann. For tida fungerer fiskerirettleiaren som merkelovens tilsynsmann i kontorkommunen, d.v.s. i Haram, samt Vestnes kommune. Arbeidet består i å holde merkeregisteret ajour, skrive ut merkebrev til fartøyeigare, foreta endringer i merkeregisteret og ekspedere dette vidare til Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

Fiskarmanntalsnemnda.

I henhold til instruks for fiskerirettleiare § 2, skal fiskerirettleiaren føre manntalet for fiskare og fangstmenn m.v. i kontorkommunen, samt andre deler av tenestedistriktet der dette blir bestemt. For tida fungerer fiskerirettleiaren som manntalsførar for distrikts-kommunene Haram, Skodje og Ørskog. Vestnes kommune har eigen manntalsførar.

1.7. Fiskerinemnder.

Dei sittande fiskerinemndene er vald for perioden 1988-1991, og består av følgjande medlemmer og varamedlemer i kontorkommunen:

Haram fiskerinemnd.

Leiar:	Sigmund Flem	6293 Longva
Nestleiar	Helge Holmeseth	6265 Vatne
Medlem:	Sebjørn Vestre	6270 Brattvåg
Medlem:	Steinar Kjærstad	6292 Kjerstad
Medlem:	Hans P. Tomren	6290 Haramsøy
Varamedlemer	Eilert Volstad	6280 Søvik
	Oddvar Urkedal	6265 Vatne
	Gudmund Fjørtoft	6294 Fjørtoft
	Sivert Fjørtoft	6294 Fjørtoft
	Peter Alf Eik	6265 Vatne

I dei øvrige kommuene i distriktet er medlemene i fiskerinemndene lista opp slik:

Felles fiskerinemnd - Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal.

Leiar:	Helmar Vik	6260 Skodje
Nestleiar:	Steinar Leganger	6240 Sjøholt
Medlem:	Kjell Andre Urke	6260 Skodje
Medlem:	Vidar Hareide	6215 Eidsdal
Medlem:	Norma Rødset	6250 Stordal

Felles fiskerinemnd - Vestnes og Rauma.

Leiar:	Olav H. Aas	6390 Vestnes
Nestleiar:	Rolf Larsen	6393 Tomrefjord
Medlem:	Grete Eik	6394 Fiksdal
Medlem:	Per Gunnar Voldset	6386 Måndalen
Medlem:	Olav O. Talberg	6387 Vågstranda

Fiskerinemnda si verksemd er bestemt i lov om rettleiings-
tenesten som trådte i kraft 11. juni 1982. Saker som har å
gjere med Statens Fiskarbank er underlagt særlov.

1.8. Møteverksemd i fiskerinemndene.

I Haram kommune er det halde 9 møter i fiskerinemnda i meldings-
året med ei samla møtetid på 41 timer. Totalt vart det handsama
76 saker.

Felles fiskerinemnd for Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal har
halde eitt møte med ei samla møtetid på 1 1/2 time. Totalt vart
det handsama 5 saker.

Fiskerinemnda for Vestnes og Rauma har i meldingsåret halde eitt
møte med total møtetid på 3 timer. På møtet vart det handsama
7 saker, derav 4 referatsaker.

Dei sakene som i alt er handsama i fiskerinemnda i kontorkommunen
i perioden 1986 - 1988 er lista opp med følgjande fordeling:

Tab. nr. 1.8. Saker handsama i Haram fiskerinemnd i perioden
1986 - 1988:

	<u>1986</u>	<u>1987</u>	<u>1988</u>	<u>1989</u>
Statens Fiskarbank	27	16	30	
Konsesjonssaker (fiske)	5	6	2	
Ervervsløyve til fiskefartøy	5	6	2	
Fiskeoppdrett	16	13	11	
Skjeldyrking	32	-	1	
Fylkesplaner/saker	-	1	2	
Kommunale saker	3	13	2	
Oljesaker	-	2	-	
Manntalssaker	12	6	3	
Andre saker	6	13	23	
Tilsaman	<u>106</u>	<u>76</u>	<u>76</u>	

Under "andre saker" finner ein ref.saker, og består i det vesentlege av saker som er handsama administrativt.

Av i alt 23 adm. saker i 1988 er det 12 saker til Fiskarbanken, 8 saker vedr. ervervsløyve til fiskefarty inkl. 2 konsesjonssaker 2 saker om oppdrett av hhv. fisk og skalldyr og 1 kommunal sak.

Som det framgår av tabell 1.8 er saksmengden i 1987 og 1988 den same. Samanlikna med året 1986 har det vore ein nedgang saksmengden på totalt 28%.

Årsaken til denne nedgangen i saksmengden finn ein hovedsakeleg under saker vedr. skjeldyrking.

2. SYSSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

2.1. Sysseissetting i fisket.

Fiskarmanntalet brukes som indikator på sysseissettinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval - eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, tildømes stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet set bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt i fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

Fiskarmanntalet.

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i rettleiardistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldresgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1986 til 1988. Tala referer til 31/12 kvart år.

Tabell 2.1: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1986 til 1988.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1986	Blad A			3	1	2	26	14	46
	Blad B	39	144	100	58	45	30	1	417
	Totalt	39	144	103	59	47	56	15	463
1987	Blad A			3	1	5	32	18	59
	Blad B	43	148	98	65	41	26	1	422
	Totalt	43	148	101	66	46	58	19	481
1988	Blad A			2	2	5	27	23	59
	Blad B	36	143	85	68	45	29	1	407
	Totalt	36	143	87	70	50	56	24	466

Kommentarer.

Som det går fram av tabell 2.1. er talet på manntalsførde fiskarar i tidsrommet 1987 til 1988 redusert, og det ligg no på omtrent same nivå som i 1986.

Aldersgruppene under 40 år utgjorde tilsaman for A- og B-fiskarar ca. 57% i 1988, medan talet for B-fiskarar var ca. 65%.

Tabell 2.1.1: Fiskarmanntalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1986 til 1988.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1986	Blad A				1	1	3	2	7
	Blad B	4	15	13	7	4			43
	Totalt	4	15	13	8	5	3	2	50
1987	Blad A				1	1	2	1	5
	Blad B	2	19	10	3	5			39
	Totalt	2	19	10	4	6	2	1	44
1988	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	2	12	12	3	5			34
	Totalt	2	12	12	4	6		2	38

I Skodje kommune er talet på manntalsførde fiskarar redusert jevnt i tidsrommet 1986 til 1988, totalt 12 personar.

Aldersgruppene under 40 år utgjorde tilsaman for A- og B-fiskarar ca. 68%, medan talet på B-fiskarar var ca. 76% i meldingsåret.

Tabell 2.1.2: Fiskarmanntalet i Ørskog kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1986 til 1988.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1986	Blad A								
	Blad B	1	2	3	3	1			10
	Totalt	1	2	3	3	1			10
1987	Blad A								
	Blad B		2	4	1		1		8
	Totalt		2	4	1		1		8
1988	Blad A						1		1
	Blad B		1	3	1				5
	Totalt		1	3	1		1		6

Som det går fram av tabell 2.1.2. er det eit lite antal fiskarar i Ørskog kommune.

Tabell 2.1.3: Fiskermanntalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1986 til 1988.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over	Totalt
1986	Blad A			1	1	1	3	4	10
	Blad B	14	52	14	6	8			94
	Totalt	14	52	15	7	9	3	4	104
1987	Blad A				1	2	3	5	11
	Blad B	18	59	17	11	8			113
	Totalt	18	59	17	12	10	3	5	124
1988	Blad A		1			2	4	4	11
	Blad B	21	57	23	8	7	2		118
	Totalt	21	58	23	8	9	6	4	129

Dei siste tre åra har antal fiskarar i Vestnes auka med totalt 25 personar.

Antal B-fiskarar i aldersgruppene under 40 år utgjorde ca. 86% i 1988, totalt sett.

2.2. Sysseilsetting i foredlingsleddet.

Tab.nr. 2.2. Sysseilsetting i foredlingsleddet i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986	45	24	69	9	14	23	49	31	80
1987	50	25	75	9	15	24	54	33	87
1988	40	19	59	6	11	17	44	25	69

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mdr. pr. år. Arbeidsfritt som fylgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng.

Som tabellen syner kan man registrere følgjande utvikling for sysseilsettingen i foredlingsleddet i 1988 samanlikna med 1987:

- For heltidstilsette: Ein reduksjon på 16 personar
- For deltidstilsette: Ein reduksjon på 7 personar.

Samanliknar man antal årsverk i tidsrommet 1987 til 1988, syner tabellen ein reduksjon på i alt 18 årsverk.

Den vesentligste årsak til reduksjon i sysseilsettinga i foredlingsleddet skyldes nedlegging av ein bedrift i meldingsåret.

2.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa.

Tab.nr. 2.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986	6		6	2	3	5	6,5	1,5	8
1987	8		8	2	4	6	9	2	11
1988	10		10	3	5	8	11,5	2,5	14

Oppdrettsnæringa i Haram sysselsatte i 1988 18 personar på hel- og deltid. Dette tilsvarer ca. 14 årsverk, totalt sett.

I tidsrommet 1987 - 1988 auka antal sysselsatte med i alt 4 personar, noko som tilsvarer ca. 3 årsverk.

Tab.nr. 2.3.1. Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Skodje.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986	7		7	8	8	16	9	2	11
1987	7		7	8	8	16	9	2	11
1988	7		7	8	8	16	9	2	11

I Skodje kommune var det i 1988 sysselsatt 23 personar på hel- og deltid. Dette tilsvarer ca. 11 årsverk.

Antal sysselsatte har vore stabilt dei 3 siste åra.

Tabell 2.3.2. Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Ørskog.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986	2		2	5	3	8	2,5	0,5	3
1987	2		2	5	3	8	2,5	0,5	3
1988	2		2	6	3	9	3	0,5	3,5

I Ørskog kommune var det i 1988 sysselsatt 11 personar på hel- og deltid, og det tilsvarear ca. 3,5 årsverk.

Tabell 2.3.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Vestnes.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
1986									
1987	2		2				2		2
1988	3		3	1	1	2	3	0,5	3,5

I Vestnes kommune var det i 1988 sysselsatt 4 personar på hel- og deltid, noko som tilsvarear ca. 3,5 årverk.

HARAM 1988

Lengde i meter	Antal fartøyer				Byggeår					
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-88	Uopp- gitt
Under 10	38	6	4	36		4	1	15	15	1
10-14,9	17		1	18	3	3	2	8	1	1
15-24,9	5			5	2	1			2	
25-34,9	11			11			4	4	3	
35-49,9	7			7		1	2	4		
Over 50	6	1	2	7		1	2	1	3	
Totalt	84	7	7	84	5	10	11	32	24	2

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.88

SKODJE 1988

Lengde i meter	Antal fartøyer		Byggeår							
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-88	Uopp- gitt
Under 10	15	1		14		3	3	6	2	
10-14,9										
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	15	1		14		3	3	6	2	

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.88

ØRSKOG 1988

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer		Byggeår						Uopp- gitt
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-88	
Under 10	12			12	2	2	4	4		
10-14,9										
15-24,9										
25-34,9										
35-49,9										
Over 50										
Totalt	12			12	2	2	4	4		

Tab. 3.1 - Merkerregisterdata pr. 31.12.88

VESTNES 1988

Lengde i meter	Status pr.1/1	Antal fartøyer		Byggeår						
		Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1950	1950-59	1960-69	1970-79	1980-88	Uopp- gitt
Under 10	21			21		4	6	5	5	1
10-14,9	1		1	2					2	
15-24,9			1	1			1			
25-34,9	1	1								
35-49,9										
Over 50										
Totalt	23	1	2	24		4	7	5	7	1

Tab. 3.1 - Merkeregisterdata pr. 31.12.88

Kommentarer til fartøyutviklinga.

Haram:

Som det framgår av tabell 3.1 er det i Haram pr. 31.12.88 registrert i alt 84 farty. Dette er det same antal farty som vart registrert pr. 31.12.87.

Tilgangen av farty innbefatter bl. a. 1 nybygg - fabrikktråler med ombordproduksjon av fangst. Største lengde på fartøyet er 55,5 m. I tillegg til produksjon av frossen filet har det også utstyr for produksjon av fiskemjøl.

Tilnærmet 57% av fiskeflåten består av farty i storleiksgruppene over 10 m , medan det i 1987 var 55%.

Fiskeflåtens standard og alderssamansetning har utvikla seg i positiv retning dei siste 3 åra.

I meldingsåret bygges det eit nytt autolinefartøy basert på ombordproduksjon. Største lengde på fartøyet er 38,10 m. Fartøyet skal etter planen overleveres reiarlaget i månadsskiftet mars/april '89

Skodje, Ørskog og Vestnes:

I meldingsåret har det ikkje skjedd større endringar i flåtestrukturen i dei øvrige kommunane i distriktet.

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 14 farty. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Samtlege av fartya var "sjarker" under 10 m lengde. 57% av fartya er bygd etter 1970.

I Ørskog var det registrert i alt 12 farty og samtlege av desse var under 10 m. 33% av fartya er bygd etter 1970.

I Vestnes kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 24 farty. 87,5% av fartya er under 10 m og ca. 50% er bygd etter 1970.

3.2. Konsesjonsbildet for kommunane.

Tab.nr. 3.2. Konsesjonar og fiskeløyve fordelt på kommuner
pr. 31.12.88 og endring frå 1987 i parantes.
Kjelde: Fiskeridirektoratet

Kommune	Torsk	Vassild	Ind.	Reke	Ringnot	Brisl.	Loddetr.	Snurrev.	Sum
Haram	5	2	6	1	3		4	1	22
Skodje									
Ørskog									
Vestnes								0 (-1)	
Totalt	5	2	6	1	3		4	1	22

Torsk: Torsketrålkonsesjon

Vassild: Løyve til å drive trålfiske etter vassild

Ind.: Industritrålkonsesjon

Reke: Rekeetrålkonsesjon

Snurrev.: Konsesjon for fiske med snurrevad
(midlertidig konsesjonsordning).

Ringnot: Ringnotkonsesjon

Brisl.: Brislingløyve

Loddetr.: Løyve til avgrens
tråling etter kol
mule og trålfiske
etter lodde og po
torsk.

Kommentarer til konsesjonane.

I Haram kommune var det pr. 31.12. 22 konsesjonar. Dette er det same antall som i fjor. Totalt for distriktet er det 1 konsesjon mindre samanlikna med 1987.

Ein gjer merksam på at eit og same fartøy kan ha fleire konsesjonar som tildømes industritrålkonsesjon og løyve til å drive trålfiske etter vassild.

I tillegg til ovannemnte konsesjonar har Haram 2 fartøy med konsesjon for drivgarnsfiske etter laks, medan Vestnes har 1 fartøy, totalt 3 fartøy.

3.3. Likviditetssituasjonen i fiskeflåten.

Generelt kan ein si at likviditetssituasjonen for distriktets fiskeflåte har forverra seg vesentleg i 1988, samanlikna med i fjor.

Den vanskelege likviditetssituasjonen kan best beskrives ved at de i meldingsåret kom inn 18 søknader om betalingsutsettelse til Statens Fiskarbank, medan det i 1987 var 9 søknader.

I tillegg til dei 18 søknadane om betalingsutsettelse låg det føre 2 søknader om hhv. gjeldssanering og likviditetslån.

Søknader om betalingsutsettelse er fordelt på type fartøy som vist nedanfor:

Industrietrålere	10 søknad/er
Autolinefarty	3 "-
Ringnotfarty	3 "-
Ferskfisktrålere	1 "-
Kystfiskefarty	1 "-
Totalt	<u>18 søknader</u>

4. FOREDLINGSLEDDET

4.1. Fiskebedriftene.

Tab. nr. 4.1: Antal tilverkningsverksemder (landanlegg)
i 1987 og 1988

Kommune	År	Total	Filet// Frys	Tørrfisk	Saltfisk	Klippfisk	Sildølje/ Mjøl	Reke
Haram	'87	8	7	6	8	4	-	1
"	'88	7	6	5	7	4	-	-
Skodje	'87	1	1					
"	'88	1	1					

I 1988 var det i alt 7 fiskeforedlingsanlegg i Haram. Dette er eit anlegg mindre enn i fjor, og skuldes nedleggelse. I alt er det 3 anlegg som er tilknytt oppdrettsverksemd.

Bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

Brattvåg: Rognes Fisk, adr. Brattvåg
Hellandshamn: Gjendemsjø Fiskeprodukter, adr. Hellandshamn
Grytestranda: Grytestranda Fiskeindustri A/S, adr. Vatne
Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne
Lepsøy: Lepsøy Fiskeindustri A/S, adr. Kjerstad
Fjørtoft: Arne O. Fjørtoft, adr. Fjørtoft
Flemsøy: Karsten Flem, adr. Longva - og til slutt
Stette i Skodje: Stettefisk A/S (matfisk), adr. Skodje

4.2. Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling.

Tabell 4.2.1: Ilandført kvantum bunnfisk og skalldyr i Haram kommune (tonn rund vekt) og verdi 1.000 kr). *

	Fiskeslag					Anvendelse				
	Torsk	Sei	Hyse	Lange/ Brosme	Annet	Totalt	Fersk	Frys.	Salt.	Heng. A
1986	3.204	5.561	760	2.353	268	12.146	588	7.161	4.398	-
1987	4.969	3.651	438	2.540	140	11.739	964	7.334	3.442	-
1988	3.012	2.994	648	2.155	660	9.469	757	5.857	2.855	-

	Fiskeredskaper						Skalldyr		
	Garn/ Line	Juksa	Not	Trål	Sn.vad	Annet	Verdi	Kvantum	Verdi
1986	2.954	25	53	9.113	-	-	65.978	799	13.992
1987	3.034	3	-	8.702	-	-	77.380	878	14.935
1988	3.007	2	36	6.415	5	4	57.910	393	11.502

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Kommentarer.

Bunnfisk.

Total kvantumstilgang av bunnfisk i Haram kommune i 1988 syner ein reduksjon på ca. 19%, samanlikna med 1987.

Verdien av totalt oppfiska kvantum bunnfisk minka i 1988 med ca. 25% samanlikna med året før.

Skalldyr.

I 1988 er det ilandført 393 tonn skalldyr, medan det i 1987 var ilandført 878 tonn. Dette er ein reduksjon på ca. 55% samanlikna med året før.

Verdien av det totale ilandførte kvantum skalldyr er i 1988 tilnærmet 11,5 mill. kronar, medan verdien i 1987 var tilnærmet 15 mill. kronar. Dette er ein reduksjon på ca. 23% samanlikna med 1987.

Pelagisk fisk.

Total kvantumstilgang av pelagisk fisk, bestående av 78% makrell, er i 1988 i Haram kommune 1.876 tonn, medan det i 1987 var ilandført 3.279 tonn. Dette er ein reduksjon på ca. 43% samanlikna med året før.

Verdien av totalt ilandørt kvantum pelagisk fisk i Haram kommune er i 1988 tilnærmet 3,7 mill. kronar, medan verdien i 1987 var ca. 5 mill. kronar. Dette er ein verdimesig reduksjon på 26% samanlikna med året før.

Det alt vesentlege av ilandørt kvantum pelagisk fisk er fiska med not.

I kommunane Skodje, Ørskog og Vestnes er det relativt liten fiskeri aktivitet i "tradisjonell betydning" både når det gjeld ilandført fiskefangst og tilvirkingsverksemd på land. Kommunane er difor utelatt i årsmeldinga i denne samanheng.

* Ein gjer merksam på at fangststatistikken ovanfor er kjørt ut på eit ukorrigert datagrunnlag. Fiskerirettleiaren vil difor oppmøde lesar/brukar til å sjå på desse tala som eit "grovt anslag".

5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure).

Tabell 5.1: Matfiskkonsesjonar 31.12.88

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m ³)	Auke i oppdrettsvolum frå 01.01.88 til 31.12.88
Haram	3	24.000	
Skodje	2	22.000	
Ørskog	1	8.000	
Vestnes	-		
Totalt	6	54.000	

Tabell 5.1.1: Konsesjonar for settefisk (smolt) 31.12.88

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1.000 stk.	Auke frå 01.01.88 til 31.12.88
Haram	1	500	
Skodje	1	150	
Ørskog	2	1.150	
Vestnes	1	1.000	400
Totalt	5	2.800	400

Kommentarer.

Ved utgangen av 1988 var det i alt 11 oppdrettskonsesjoner i distriktes kommuner, 6 for matfiskoppdrett og 5 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

Matfisk:

<u>Haram</u>	1. Brødr. Aarsæther A/S	Vestrefjorden, v/Eik
	2. A/S Sølvfisk	Longvafjorden, Haramsøy
	3. A/S Gladlaks	Fjørtoftfjorden, Fjørtoft
<u>Skodje</u>	4. Mauren Laks A/S ex.Almklov Mink og Laksefarm	Mauren, Skodje, midlertidig v/Lorgja/Grytafj. i Ålesund
	5. A/S Stettefisk	Stettevika, Skodje, tillegg lok. v/Gudmundset
<u>Ørskog</u>	6. Oppdrettslaks A/S	Ørskogvika, Sjøholt, tillegg lok., Grytafjorden i Haram

Settefisk:

<u>Haram</u>	1. Brødr. Aarsæther A/S	Vestrefjorden, v/Eik
<u>Skodje</u>	2. Glomset Fiskeoppdrett A/S	Honningdalsvågen, v/Glomset
<u>Ørskog</u>	3. Hallvard Eide	Storfjorden, v/Vestreelva
	4. Vakså Settefisk A/S	Storfjorden, v/Vaksvik
<u>Vestnes</u>	5. Sætre Settefisk A/S	Tresfjorden, v/Daugstad

Alle matfiskanlegga har hatt full produksjon i meldingsåret, og det rapporteres frå matfiskprodusentane at lønsemda har vore brukbar.

Av dei 5 settefiskanlegga i distriktes kommuner var det berre 3 anlegg som hadde produksjon i meldingsåret. To anlegg er framleis ikkje igangsatt grunnet overproduksjon av settefisk i marknaden.

Det har dessverre hittil ikkje vore mogleg å få statistiske opplysningar frå matfisk- og settefiskprodusentane for 1988.

5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjelldyrking.

Tabell 5.2: Konsesjonar for andre marine fiskearter og skalldyr fordelt på kommuner pr. 31.12.88.

Kommune	Andre marine fiskearter					Skalldyr	
	Ant.	Torsk	Kveite/ piggvar	Sjø- røye	Ål Volum (m3)	Ant.	Areal (dekar)
Haram	3		2	1	4.000	19	76
Skodje							
Ørskog	1				1 1.000	1	1,5
Vestnes							
Totalt	4		2	1	1 5.000	20	77,7

Ved utgangen av 1988 var det i alt 4 konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter ennlaks og aure, med eit samla oppdrettsvolum på 5.000 m3. To av desse konsesjonane var tildelt i 1988. Anlegga hadde ikkje produksjon i meldingsåret.

I 1988 var det i alt 20 skalldyrkonsesjonar, medan det var 40 stk. i fjor. Den kraftige reduksjonen i meldingsåret skyldes at konsesjonane er utgått på grunn av tidsbegrensning på 2 år.

Det er hittil ikkje levert noko større parti skjell for salg.

6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

6.1. Statens Fiskarbank.

Tab. nr. 6.1. Omsøkte og innvilga lån i perioden 1986 - 1988
(1 000 kr). *

1) OMSØKTE LÅN:

KOMMUNE	ÅR	ANT.	FARTØY	ANT.	REDSK.LÅN	ANT.	TILV.ANL.	ANT.	TOTALT
HARAM	'86	21	89 189	2	395	2	2 300	25	91 884
	'87	15	176 407	2	1 813	2	2 240	19	180 460
	'88	22	108 847	2	1 487			24	110 334
VESTNES	'86	2	900					2	900
	'87	0	0					0	0
	'88	2	350	1	175			3	525

2) INNVILGA LÅN:

KOMMUNE	ÅR	ANT.	FARTØY	ANT.	REDSK.LÅN	ANT.	TILV.ANL.	ANT.	TOTALT
HARAM	'86	11	13 615	0		0		11	13 615
	'87	12	10 733	1	600	1	500	14	11 833
	'88	10	43 308	1	1 267			11	44 575
VESTNES	'86	1	250					1	250
	'87	0						0	
	'88	2	300					2	300

KJELDE: STATENS FISKARBANK

Tabellen syner: 1. Antal registrerte søknadsbeløp - nye lån og overføringer for årene 1986, 1987 og 1988.
2. Innvilga lån og overføringer for dei same år.

* Ingen registreringar i perioden 1986 - 1988 for kommunene Skodje og Ørskog.

Kommentarer.

Omsøkte lån i Statens Fiskarbank utgjorde ved utgangen av meldingsåret totalt 110,9 mill. kroner. Dette er ca. 70 . mill. kroner mindre enn i fjor.

Innvilgelsesgraden i % auka derimot frå ca. 7% i 1987 til ca.40% i 1988. Dette er ein auke på 33% i denne perioden.

I meldingsåret er det handsama 2 søknader om lån til nybygg. Dette er 2 søknader mindre enn i 1987.

Sjølv om investeringslysten blant fiskarane i distriktet er redusert ein del siste året når det gjeld "nybygg", er framleis søknadsbeløpene på lån i Fiskarbanken av betydeleg storleik, total sett.

6.2. Andre låne- og finansieringskjelder.

Ut over søknader til Statens Fiskarbank, låg det føre ein søknad til Industribanken vedk. lån til modernisering av eit fiskeforedlingsanlegg. Søknaden vart innvilga.

Innan deler av fiskeindustriverksemda er det registrert aukande interesse for lån til modernisering av foredlingsanlegg, utviding av fryserianlegg og kaianlegg.

Ein gjer merksam på at frå og med 01.01.88 slutta Fiskarbanken å yte lån til tilvirkingsanlegg og fiskeoppdrett. Industribanken A/S har no overtatt Fiskarbanken sin rolle når det gjeld lån til slike føremål.

7. FISKERINÆRINGA - KONKLUSJON/SAMANDRAG

Talet på manntalsførte fiskarar i rettleiardistriktet er i 1988 redusert med i alt 18 personar og utgjør ved utgangen av dette året totalt 639 personar. Totalt er det 564 personar som er registrert som B-fiskarar og av desse er ca. 70% i aldersgruppene under 40 år.

Ein vil førebels karakterisere nedgangen i talet på fiskarar som relativt små endringer, samt konkludere med at det har vore ein stabil utvikling innan manntalsførte fiskarar dei siste 3-åra.

Sysselsettinga i foredlingsleddet er redusert med i alt 18 årsverk og utgjør ved utgangen av året 69 årverk. Den viktigaste årsaka til reduksjonen i sysselsettinga skuldast nedlegging av ei fiskeindustriverksemd.

I oppdrettsnæringa auka sysselsettinga med i alt 4 årsverk og utgjør ved utgangen av meldingsåret totalt ca. 32 årsverk.

Når det gjeld storleiksamansetninga i fiskeflåten har det vore ein auke i talet på båtar i storleiksgruppen 10-14,9m og over 50m, medan det har vore ein tilsvarande nedgang i storleiksgruppen under 10m.

Fiskeflåtens standard og alderssamansetning har utvikla seg i positiv retning dei siste 3 åra.

Ved utgangen av meldingsåret er det registrert i alt 22 konsesjonar og fiskeløyve i rettleiardistriktet. Dette er 1 konsesjon mindre samanlikna med 1987.

Generelt kan ein si at likviditetssituasjonen for distriktes fiskeflåte har forverra seg vesentleg i 1988, samanlikna med i fjor. Dette skuldast stort sett reduserte kvoter og lågare prisar på fisken enn året før. Ein annan viktig årsak er aukande drifts- og kapitalkostnader i fiskeflåten dei siste åra.

Både samla kvantumstilgang og førstehandsverdien av det syner ein vesentleg reduksjon i meldingsåret, samanlikna med i fjor.

Samla sett fikk likeins den tradisjonelle fiskeindustriverksemda i distriktet tilført mindre mengd råstoff i 1988 enn året før.

Investeringslysten i storparten av fiskerinæringa heldt fram i meldingsåret, men dog ikkje i så stort omfang som året før.

Ved utgangen av 1988 hadde distriktet 11 oppdrettskonsesjonar for laks og aure, 6 for matfiskoppdrett og 5 for settefisk, og det er det same som eit år tidlegare.

Produksjonen av laksefisk auka i meldingsåret då alle matfisk-anlegga har teke i bruk ledig kapasitet og no er kome i full produksjon.

Lønsemda innan matfiskoppdrett vurderes framleis som god. Imens har ein mottteke signaler frå marknaden om at det kan ventas reduksjon i prisane på laksefisk i førstkomande år. Den framtidige lønsemda innan matfiskoppdrett er difor usikker.

Hausten 1988 vart maksimalvolumet for oppdrett av laks og aure utvida til 12.000 kubikkmeter. Utviding av eksisterande matfisk-anlegg kan innvilges av fiskerisjefen etter individuell søknad. Alle matfiskprodusentane i distriktet har ved utgangen av året søkt om tillatelse til å utvide maksimalvolumet på anlegga.

Av dei 5 settefiskanlegga i distriktet var det berre 3 anlegg som hadde produksjon i meldingsåret. To anlegg er framleis ikkje igangsatt grunnet overproduksjon av settefisk i marknaden.

Ved utgangen av 1988 var det i alt 4 konsesjonar for oppdrett av "andre marine fiskeartar", med eit samla oppdrettsvolum på 5.000m³. Det er ikkje registrert produksjon på desse anlegga i meldingsåret.


Pr.31.12.88 er det registrert 20 anlegg med løyve for skjelldyrking. Det er hittil ikkje konstatert leveranse av større parti skjell.

V E D L E G G 1

H A R A M K O M M U N E

Etablerte anlegg for matfisk (M)
og settefisk. (S) - pr.31.12.87

1. Sølvfisk A/S
2. Gladlaks A/S
3. Brødr. Aarsæther A/S, Vestrefjord




V E S T N E S K O M M U N E

- - - - : Kommunegrense
- S : Settefiskanlegg



- : Kommunegrense
- * M : Matfiskanlegg
- S : Settefiskanlegg



--- : Kommunegrense
* M : Matfiskanlegg

